



Saksframlegg

Arkiv: K1-145
ArkivsakID: 25/430
JournalpostID: 25/3670
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 20.11.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
009/25	Administrasjonsutval	27.11.2025
076/25	Formannskap	27.11.2025
	Kommunestyre	

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Solund kommunestyre vedtek følgjande finansielle måtal for økonomiplanperioden:

	2026	2027	2028	2029
Netto driftsresultat	18,3 %	-8,2 %	9,7 %	-7,3 %
Netto lånegjeld	171 %	170 %	155 %	150 %
Disposisjonsfond per 31.12	18 %	8,3 %	20 %	12 %
Havbruksinntekter i drift, utover produksjonsavgift og kompensasjon for av inntekter bortfalt grunna Havbruksinntekter	6.348.000,-	2.736.000,-	2.576.000,-	1.102.000,-

2. Solund kommunestyre vedtek driftsbudsjettet i samsvar med skjema "§ 5-4
Løyvingsoversikt drift" og kapittel 7 i budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029.

3. Solund kommunestyre vedtek investeringsbudsjett i samsvar med skjema "§ 5-5
Løyvingsoversikt - investering" og kapittel 8 i budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029.

4. Solund kommunestyre vedtek at ramma for opptak av lån til eigne investeringer vert sett til 4.500.000,- i 2026. Ramme for lån til vidareutlån vert sett til 500.000,- i 2026.

5. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp og refinansiere lån, godta rentevilkår og andre vilkår for lån og underteikne lånedokument.

6. Kommunedirektøren får fullmakt til å flytte løving på inntil 1.500.000,- frå drift til investering viss innkjøp planlagt i drifta oppfyller krava til å bli ført i investering.

7. Utskriving av eigedomsskatt for år 2026:

- a. I medhald av eigedomsskattelova (eskl) § 2, jf § 3, 1.ledd bokstav g vert det skrive ut eigedomsskatt på "faste eigedommar i hele kommunen, unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkrafterk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum."
- b. Det vert ikkje gjort avgrensningar av eigedomsskatteområde, utover det som er nemnt i det utskrivingsalternativet som vert vedteke.
- c. Skattesatsen vert fastsett til 2,0 promille, etter eskl. § 13.
- d. Det vert ikkje gjort differensiering av skattesatsane, utover det som er fastsett i eigedomsskattenemnda sitt vedteke takseringsreglement.
- e. Det vert ikkje vedte botnfrådrag i samband med årets utskrivingsvedtak.
- f. Solund kommune sitt takseringsreglement skal vera gjeldande rettsnor for utskrivinga av skatten.
- g. Det vert fastsett 2 terminar for betaling av eigedomsskatten etter eskl. § 25.
- h. Det vert gjennomført kontorjustering av aktuelle takster etter eskl. § 8 A-4 med 10 % av det opphavarlege skattegrunnlaget.

8. Kommunedirektøren utarbeider detaljbudsjett og løyvingsoversikt § 5-6 med bakgrunn i vedteke budsjett.

9. Solund kommunestyre vedtek økonomiplanen 2026 - 2029.

27.11.2025 Administrasjonsutval

Handsaming:

A-009/25 Vedtak i:

1. Solund kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for økonomiplanperioden:

	2026	2027	2028	2029
Netto driftsresultat	18,3 %	-8,2 %	9,7 %	-7,3 %
Netto lånegjeld	171 %	170 %	155 %	150 %
Disposisjonsfond per 31.12	18 %	8,3 %	20 %	12 %
Havbruksinntekter i drift, utover produksjonsavgift og kompensasjon for av inntekter bortfalt grunna Havbruksinntekter	6.348.000,-	2.736.000,-	2.576.000,-	1.102.000,-

2. Solund kommunestyre vedtek driftsbudsjettet i samsvar med skjema "§ 5-4 Løyvingsoversikt drift" og kapittel 7 i budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029.

3. Solund kommunestyre vedtek investeringsbudsjett i samsvar med skjema "§ 5-5 Løvingsoversikt - investering" og kapittel 8 i budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029.

4. Solund kommunestyre vedtek at ramma for opptak av lån til egne investeringer vert sett til 4.500.000,- i 2026. Ramme for lån til vidareutlån vert sett til 500.000,- i 2026.

5. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp og refinansiere lån, godta rentevilkår og andre vilkår for lån og underteikne lånedokument.

6. Kommunedirektøren får fullmakt til å flytte løving på inntil 1.500.000,- frå drift til investering viss innkjøp planlagt i drifta oppfyller krava til å bli ført i investering.

7. Utskriving av eigedomsskatt for år 2026:

- a. I medhald av eigedomsskattelova (eskl) § 2, jf § 3, 1.ledd bokstav g vert det skrive ut eigedomsskatt på "faste eigedommar i hele kommunen, unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkrafterk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum."
- b. Det vert ikkje gjort avgrensningar av eigedomsskatteområde, utover det som er nemnt i det utskrivingsalternativet som vert vedteke.
- c. Skattesatsen vert fastsett til 2,0 promille, etter escl. § 13.
- d. Det vert ikkje gjort differensiering av skattesatsane, utover det som er fastsett i eigedomsskattenemnda sitt vedteke takseringsreglement.
- e. Det vert ikkje vedte botnfrådrag i samband med årets utskrivingsvedtak.
- f. Solund kommune sitt takseringsreglement skal vera gjeldande rettsnor for utskrivinga av skatten.
- g. Det vert fastsett 2 terminar for betaling av eigedomsskatten etter escl. § 25.
- h. Det vert gjennomført kontorjustering av aktuelle takster etter escl. § 8 A-4 med 10 % av det opphavlege skattegrunnlaget.

8. Kommunedirektøren utarbeider detaljbudsjett og løyvingsoversikt § 5-6 med bakgrunn i vedteke budsjett.

9. Solund kommunestyre vedtek økonomiplanen 2026 - 2029.

27.11.2025 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-076/25 Vedtak i:

1. Solund kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for økonomiplanperioden:

	2026	2027	2028	2029
Netto driftsresultat	18,3 %	-8,2 %	9,7 %	-7,3 %
Netto lånegjeld	171 %	170 %	155 %	150 %

Disposisjonsfond per 31.12	18 %	8,3 %	20 %	12 %
Havbruksinntekter i drift, utover produksjonsavgift og kompensasjon for inntekter bortfalt grunna Havbruksinntekter	6.348.000,-	2.736.000,-	2.576.000,-	1.102.000,-

2. Solund kommunestyre vedtek driftsbudsjettet i samsvar med skjema "§ 5-4 Løyvingsoversikt drift" og kapittel 7 i budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029.

3. Solund kommunestyre vedtek investeringsbudsjett i samsvar med skjema "§ 5-5 Løyvingsoversikt - investering" og kapittel 8 i budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029.

4. Solund kommunestyre vedtek at ramma for opptak av lån til egne investeringar vert sett til 4.500.000,- i 2026. Ramme for lån til vidareutlån vert sett til 500.000,- i 2026.

5. Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp og refinansiere lån, godta rentevilkår og andre vilkår for lån og underteikne lånedokument.

6. Kommunedirektøren får fullmakt til å flytte løving på inntil 1.500.000,- frå drift til investering viss innkjøp planlagt i drifta oppfyller krava til å bli ført i investering.

7. Utskriving av eigedomsskatt for år 2026:

- a. I medhald av eigedomsskattelova (eskl) § 2, jf § 3, 1.ledd bokstav g vert det skrive ut eigedomsskatt på "faste eigedommar i hele kommunen, unnateke næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum."
- b. Det vert ikkje gjort avgrensingar av eigedomsskatteområde, utover det som er nemnt i det utskrivingalternativet som vert vedteke.
- c. Skattesatsen vert fastsett til 2,0 promille, etter eskl. § 13.
- d. Det vert ikkje gjort differensiering av skattesatsane, utover det som er fastsett i eigedomsskattenemnda sitt vedteke takseringsreglement.
- e. Det vert ikkje vedteke botnfrådrag i samband med årets utskrivingssvedtak.
- f. Solund kommune sitt takseringsreglement skal vera gjeldande rettesnor for utskrivinga av skatten.
- g. Det vert fastsett 2 terminar for betaling av eigedomsskatten etter eskl. § 25.
- h. Det vert gjennomført kontorjustering av aktuelle takster etter eskl. § 8 A-4 med 10 % av det opphavlege skattegrunnlaget.

8. Kommunedirektøren utarbeider detaljbudsjett og løyvingsoversikt § 5-6 med bakgrunn i vedteke budsjett.

9. Solund kommunestyre vedtek økonomiplanen 2026 - 2029.

Vedlegg i saka:

20.11.2025 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommunelova

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

Kva saka gjeld:

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Saksutgreiing:

Det følgjer av kommunelova § 14-5 at "Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret (...) og underordnede organer". Eit budsjett i kommunal sektor er ikkje berre eit set med løyvingar, men også eit pålegg om aktivitet. Men budsjettet- og økonomiplanen er sjølv sagt også knytt til nettopp økonomi. Stortinget innført nytt inntektssystem for kommunane frå år 2025. Solund kommune var ein av dei største taparane i det nye systemet fordi vi blir trekt for gode havbruksinntekter. Årets budsjett- og økonomiplanprosess illustrerer godt utfordringane med økonomiplanlegging i Solund kommune. For på den eine sida kom vi særskild dårleg ut av Statsbudsjettet 15. oktober 2025, med berre 698.000,- auke i frie midlar. Samstundes kom det nyheiter frå Havbruksfondet før budsjettet vart levert som tilseier at Solund kommune kan forvente 2.400.000,- i auka inntekter årleg frå Havbruksfondet.

Solund kommune må altså klare ein balansegang der staten gir med eine handa og tek med den andre, samstundes som drifta skal tilpassast underliggende demografiendringar. 2026 vert også eit år der ein må handtere at også andre inntekter vert lågare. Den statlege delen av NAV, Vestland fylkeskommune og Kystverket gjer alle endringar på avtaler med Solund kommune som gjer at Solund kommune i sum vil miste 1.450.000,- i året i framtida.

Men alle desse endringane skjer i ein periode der Solund kommune har ein solid økonomi takka være Havbruksinntekter, og mange av endringane skuldast også desse ekstraordinære inntektene. I dette farvatnet med både moglegheiter og utfordringar skal kommuneøkonomien navigerast, og det er både sant at ein kan spare seg til fant og at ein ikkje treng å være fattig for å ha dårleg råd.

I tillegg til å tilpasse kommuneøkonomien dei store endringane ynskjer kommunedirektøren også å lage ein økonomiplan som får ned lånegraten til Solund kommune. Ein stilling kan alltid opprettast eller inndragast, men den einaste måten å bli kvitt gjelda til kommunen på er å betale den ned. Ved inngangen til økonomiplanperioden har Solund kommune 190.295.000,- i gjeld, over 250.000,- per innbyggjar. Følgjer ein økonomiplanen er gjelda nede i 157.317.000,- ved utgangen av økonomiplanperioden. Det er ein reduksjon på heile 17,3 %, men der mykje av jobben vert gjort i 2028.

Kommunelova § 14-2, bokstav c. slår fast at kommunestyre skal vedta finansielle måltal for utviklinga av økonomien i kommune. Det følgjer av økonomireglementet til Solund kommune desse skal være netto driftsresultat, netto lånegjeld og disposisjonsfond. Frå og med 2025 har kommunestyret også vedteke ein måleindikator som går på bruk av havbruksinntekter i drifta. Inntektene frå Havbruksfondet varierer mykje frå år til år i avhengig av om det vert gjennomført auksjonar eller ikkje. Kommunedirektøren tilrår difor at Solund kommune bør rekne sine måltal som snitt over heile økonomiplanperioden der det er mogleg for å få stabile måltal ein kan styre etter og gjer framlegg om fylgjande måltal:

	2026	2027	2028	2029	Snitt	Langsiktig mål
Vetto lånegjeld	170,9 %	170,4 %	155,2 %	150,0 %	162 %	70 %
Disposisjonsfond	18,3 %	8,3 %	19,6 %	11,7 %	14,5 %	15,0 %
Vetto driftsresultat	18,3 %	-8,2 %	9,7 %	-7,3 %	3,10 %	1,75 % (snitt)
Havbruksinntekter i drift, utover produksjonsavgift og kompensasjon av utgifter bortfalt grunna Havbruksinntekter	6 438 000	2 736 000	2 576 000	1 102 000	-	0

Vurdering:

Budsjett- og økonomiplanen setter opp forutsetningane og dei økonomiske ramene for drifta og Solund kommune. Vidare fylgjer ein rekke rekke formelle krav til budsjett- og økonomiplanen. Det skal settast opp i balanse og være realistisk, fullstendig og oversikteleg. I tillegg er det ein rekke obligatoriske oppstillingar som skal fylgje med budsjett- og økonomiplanen etter forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. Kommunedirektøren meiner framlagt budsjett og økonomiplan på ein god måte balanserer desse ulike hensyna og viser til vedlagt dokument. Ein har ikkje fått utarbeida dei obligatoriske oversiktene til utsendinga 20. november, og desse vil bli ettersendt.

Innspel som har kome til etter møte i formannskapet og administrasjonsutvalet

Fylgjande dokument er lagt til saka etter handsaming i formannskap og administrasjonsutval:

- Budsjett frå Solund kontrollutval
- Innspel frå fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
- Retta tabell for Oppvekst og kultur der ansvar 280 Barnevern også synast
- Obligatoriske oppstillingar etter forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. §§ 5-4, 5-5 og 5-6.

Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 – 2029



Vedteke av Solund kommunestyre 11. desember 2025 i sak xxx/xx

Innhald

Innleiing.....	3
Finansielle måltal.....	4
Inntekter.....	5
Rammetilskot frå staten	6
Skatt og inntektsutjamning	10
Inntekter frå Havbruksfondet.....	12
Integreringstilskot	13
Eigedomsskatt	14
Andre generelle statstilskot.....	14
Finansinntekter og -utgifter	15
Bruk av- og avsetnader til fond	17
Drift	18
Stab.....	19
Oppvekst og kultur	21
Helse og omsorg	23
Samfunns- og næringsutvikling	25
Plan og tekniske tenester	27
Overordna løyvingar	29
Investering.....	30

Innleiing

Stortinget innført nytt inntektssystem for kommunane frå år 2025. Solund kommune var ein av dei største taparane i det nye systemet fordi vi blir trekt for gode havbruksinntekter. Årets budsjett- og økonomiplanprosess illustrerer godt utfordringane med økonomiplanlegging i Solund kommune. For på den eine sida kom vi særst dårleg ut av Statsbudsjettet 15. oktober 2025, med berre 698.000,- auke i frie midlar. Samstundes kom det nyheiter frå Havbruksfondet før budsjettet vart levert som tilseier at Solund kommune kan forvente 2.400.000,- i auka inntekter årleg frå Havbruksfondet.

Solund kommune må altså klare ein balansegang der staten gir med eine handa og tek med den andre, samstundes som drifta skal tilpassast underliggende demografiendringar. 2026 vert også eit år der ein må handtere at også andre inntekter vert lågare. Den statlege delen av NAV, Vestland fylkeskommune og Kystverket gjer alle endringar på avtalar med Solund kommune som gjer at Solund kommune i sum vil miste 1.450.000,- i året i framtida.

Men alle desse endringane skjer i ein periode der Solund kommune har ein solid økonomi takka være Havbruksinntekter, og mange av endringane skuldast også desse ekstraordinære inntektene. I dette farvatnet med både moglegheiter og utfordringar skal kommuneøkonomien navigerast, og det er både sant at ein kan spara seg til fant og at ein ikkje treng å være fattig for å ha dårleg råd.

I tillegg til å tilpasse kommuneøkonomien dei store endringane ynskjer kommunedirektøren også å lage ein økonomiplan som får ned lånegraden til Solund kommune. Ein stilling kan alltid opprettast eller inndragast, men den einaste måten å bli kvitt gjelda til kommunen på er å betale den ned. Ved inngangen til økonomiplanperioden har Solund kommune 190.295.000,- i gjeld, over 250.000,- per innbyggjar. Fylgjer ein økonomiplanen er gjelda nede i 157.317.000,- ved utgangen av økonomiplanperioden. Det er ein reduksjon på heile 17,3 %, men der mykje av jobben vert gjort i 2028.

Finansielle måltal

Kommunelova § 14-2, bokstav c. slår fast at kommunestyre skal vedta finansielle måltal for utviklinga av økonomien i kommune. For 2025 har Solund kommune vedteke følgjande langsiktige mål:

- Netto lånegjeld på 70 % av dei frie inntektene, justert for auksjonsinntekter, 171 % i 2025
- Netto driftsresultat på minimum 1,75 % i snitt for økonomiplanperioden, - 13,7 % i 2025
- Disposisjonsfond på 15 % av dei frie inntektene, justert for auksjonsinntekter, 10 % i 2025
- Bruk av inntekter får Havbruksfondet på ikkje meir enn produksjonsavgifta og auksjonsinntekter tilsvarande distriktstilskot Sør-Noreg, justert for INGAR, 7.514.000,- i 2025

Inntektene frå Havbruksfondet varierer mykje frå år til år i avhengig av om det vert gjennomført auksjonar eller ikkje. Måltala er difor langsiktige og tek høgde for at resultat til Solund kommune svingar i tak med auksjonane, og dei vedtekne måla er justert for auksjonsinntekter der det lar seg gjere. I sin vurdering av Solund sitt budsjett for 2025 påpeiker statsforvaltaren at 70 % er eit ambisiøst mål for lånegrad når ein held utanfor auksjonsinntektene.

Solund kommune har i dag lånegjeld på 190.000.000,-. Om ein reknar med auksjonsinntektene synar 70 % ein lånegjeld på om lag 87.000.000,- med det utan auksjonsinntektene er om lag 74.000.000,-. Målet vert i alle tilfelle ikkje nådd i økonomiplanperioden, og noko av det viktigaste Solund kommune kan gjere for å sikre ein sunn økonomi uavhengig av framtidige Havbruksinntekter er uansett å få ned lånegraden då ein solid innsats mot gjelda på sikt vil redusere finanskostnadane og frigje midlar.

Kommunedirektøren er likevel tilbøyeleg til å rekne med auksjonsinntektene i målalet for gjeld med tanke på at det er eit langsiktig mål der det lite å seie i fyste omgang og fordi det gjev ei likare måte å rekne på som gjer det enklare for Solund å samanlikne seg med andre kommunar.

Solund kommune omstiller seg framleis omlegginga av inntektssystemet i år og må finne ein god balanse mellom det som er realistisk å få til på kort sikt med det som er ynskeleg i eit lenger perspektiv. Solund kommune kjem dårleg ut av nytt inntektssystemet og statsbudsjettet 2025 fordi ein har sær høge Havbruksinntekter og har i utgangspunktet framleis ein solid økonomi med eit stort handlingsrom. Samstundes er demografien utfordrande og dei gode inntektene kommunen har i dag kan ikkje bli ein kvilepute for naudsynt omstilling. Kommunedirektøren tilrår difor følgjande måltal:


	2026	2027	2028	2029	Snitt	Langsiktg mål
Netto lånegjeld	170,9 %	170,4 %	155,2 %	150,0 %	162 %	70 %
Disposisjonsfond	18,3 %	8,3 %	19,6 %	11,7 %	14,5 %	15,0 %
Netto driftsresultat	18,3 %	-8,2 %	9,7 %	-7,3 %	3,10 %	1,75 % (snitt)
Havbruksinntekter i drift, utover produksjonsavgift og kompensasjon av utgifter bortfalt grunna Havbruksinntekter	6 438 000	2 736 000	2 576 000	1 102 000	-	0

Inntekter

For 2026 forventar kommunedirektøren at Solund kommune kjem til å få frie inntekter på til saman 144.267.000,-. Dette er opp frå 112.393.000,- i endeleg budsjett 2025. Auka skuldast i all hovudsak at det vil bli gjennomført auksjonar i Havbruksfondet i 2026. Inntektene får desse auksjonane vert fordelt til kommunane som har lagt til rette for havbruk rundt om kring i landet. Solund sin lut er forventa å bli 47.000.000,-. Opp frå 15.400.000,- i 2025. Statsbudsjettet utgjorde for Solund kommune sin del berre ein auke på 698.000,- (før forhandlingane på Stortinget), medan løns- og prisveksten åleine vil koste Solund 3.733.000,-.

Mykje av grunnen til den låge veksten i inntekter i samband med Statsbudsjettet er nettopp dei høge havbruksinntektene. Frå og med 2025 vart det innført nytt inntektssystem for kommunane, der Solund kommune var ein av dei største taparane. Det skuldast at Stortinget innførte ein inntektsgrense for distriktstilskot Sør-Noreg der kommunar med meir enn 140 % av landsgjennomsnittet i inntekter, inkludert inntekter frå mellom anna Havbruk, ikkje lenger mottek distriktstilskot Sør Noreg. Det er eit nedtrekk som for 2026 utgjør 3.768.000,- då inntektsgarantiordninga INGAR gjer at trekket vert fasa inn over fleire år. Det står også att 3.264.000,- å fasa inn over dei komande åra, slik at det er lenge til Solund kommune kjem til å komme godt ut av statsbudsjettet.

I 2026 mister Solund kommune også ordinært skjønstilskot frå Statsforvaltaren. Dette er midlar Statsforvaltaren fordeler kvart år for å justere for særskilte høve som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet. I 2025 utgjorde ordinært skjønstilskot 1.300.000,- for Solund kommune. I grunngevinga si konkluderer Statsforvaltaren med fylgjande når det gjeld Solund kommune: «På bakgrunn av høge frie inntekter vert det ikkje gitt skjønsmidlar i 2026.».



(Figuren synar fordelinga av Solund kommune sine inntekter i 2026)

Sjølv om Solund kommune kom dårleg ut av statsbudsjettet for 2026 har kommunen framleis ein solid økonomi med eit stort handlingsrom. Kommunedirektøren foreslo difor at ein i arbeidet med budsjettet og økonomiplanen skulle kompensere bortfall av inntekter som skuldast høge havbruksinntekter med havbruksinntekter, samstundes om nedtrekk som skuldast demografiendringar skulle takast i drifta. Dette gav formannskapet si tilslutning til i F-sak 072/25.

Medan administrasjonen arbeida med budsjett og økonomiplanen vart også utbetalingane frå Havbruksfondet i 2025 kjende. Samla sett vart det 15.400.000,- for Solund kommune, 2.400.000,- meir ein det som opphavleg vart budsjettet. Heile auken var knytt til produksjonsavgifta og kan forventast å kome årleg framover. Kommunedirektøren kjem til å tilrå at denne auken vert innarbeida i budsjettet for 2025 også i ein eige budsjettjusteringssak.

Under presenterer kommunedirektøren dei forventa inntekter i dei ulike kategoriane for heile økonomiplanperioden med utfyllande kommentarar.

Rammetilskot frå staten

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
18000	Innbyggjartilskot	-25 492	-25 492	-25 493	-25 493
	Utgiftsutjamning	-29 529	-29 530	-29 530	-29 530
	Overgangsordningar (INGAR)	-3 264	-2 935	-2 607	-2 280
	Særskilte fordelingar	-111	-111	-111	-111
	Sum rammetilskot	-58 396	-58 068	-57 741	-57 414

(Tabellen synar forventa rammetilskot gjennom heile økonomiplanperioden)

Kommunedirektøren legg til grunn same demografisamansetning som i dag både på inntekts- og utgiftssida gjennom heile økonomiplanperioden, og tala er difor stort sett like for perioden. Det vert berre lagt opp til mindre endringar i inntektsgarantiordninga INGAR.

Innbyggjartilskot

Den største inntektskjelda til Solund kommune er rammetilskotet frå staten. Desse er i stor grad knytt til demografi og er grunnen til at folketal er så vesentleg når ein ser på kommuneøkonomien. For å gje kommunane føreseielege rammer er det befolkningssamansetninga per 1. juli året før som bestemmer kor mykje ein kommune får i rammetilskot. Folketalet 1. juli 2025 er difor førande for kor mykje Solund kommune får i innbyggjartilskot i 2026. Frå 2025 til 2026 har folketalet auka med tre personar til 744.

Folketalet ligg til grunn for innbyggjartilskotet. Dette er eit flatt tilskot alle kommunar får per innbyggjar, som i 2026 er på 34.263,- per innbyggjar. For Solund kommune sine del vert det då 25.491.672,-.

01.juli	Folketal	Endring	%
2016	787	2	0,3 %
2017	807	20	2,5 %
2018	807	0	0,0 %
2019	816	9	1,1 %
2020	783	-33	-4,0 %
2021	771	-12	-1,5 %
2022	758	-13	-1,7 %
2023	764	6	0,8 %
2024	741	-23	-3,0 %
2025	744	3	0,4 %

(Tabellen synar utviklinga i folketal dei siste 10 åra)

Utgiftsutjamning

Men det er ikkje berre folketalet åleine som er styrande for rammetilskotet. Utgiftsutjamninga bereknar kommunane sine utgifter på bakgrunn av demografi. Her ser ein på alt frå alderssamansetning til ganske sensitive kategoriar knytt til helse og inntekt. Då enkelte av dei sensitive kategoriane gjeld få personar i Solund kan det fort bli synleg kven det gjeld. Kommunedirektøren går difor ikkje nærare inn på alle tala i budsjettdokumentet, men under fylgjer oversikten over utgiftsbehovet som fylgjer av alderssamansetninga aleine. Endringane er også målt mot landsgjennomsnittet, så små utslag i Solund kan bli større viss landsgjennomsnittet har utslag i den andre retninga.

SOLUND				Bruk av folketall 1.7.2025		
	Antall	Utgifts- behovs- indeks	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj		Endring fra foregående år
				kr per innb	1000 kr	1000 kr
0 år	4	0,5539	-0,11 %	-85	-63	28,8
1-5 år	24	0,6523	-5,09 %	-4 024	-2 994	-1 095,0
6-12 år	46	0,8018	-3,23 %	-2 553	-1 900	-202,6
13-15 år	21	0,7825	-1,59 %	-1 256	-934	389,5
16-22 år	58	0,9276	-0,16 %	-130	-97	-84,8
23-24 år	19	1,0659	0,04 %	31	23	99,3
25-66 år	373	0,9112	-1,12 %	-884	-658	0,1
67-79 år	135	1,5157	3,38 %	2 669	1 985	-108,3
80-89 år	53	1,7142	4,49 %	3 543	2 636	-18,5
over 90 år	11	1,8103	3,17 %	2 503	1 862	518,4

Til saman tilseier demografien at Solund kommune er 48,83 % dyrare å drifte enn ein gjennomsnittskommune. Dette er ned frå 51,31 % i fjor. Her er det særleg eit trekk for aldersgruppa 1-5 år som er drivande. Staten legg til grunn at kommunane tek denne demografitilpassinga

fortløpande, men i verkelegheita tek slik tilpassing litt tid. Solund kommune har berre ein av alle tenestene og har få strukturgrep å gjere. Samstundes kan svingingane frå år til år gjere at ein det eine året må seie nokon opp og det neste året må tilsetje att. Det er heller ingen direkte samanheng mellom demografikategoriane og dei ulike tenestene. Eksempelet frå i år er i grunn godt der 1-5 i stor grad høyrer til barnehagen, men det gjer også det fyste halvåret for det året ein fyller 6. Barn i aldersgruppa 1-5 mottok også andre tenester enn barnehage, som til dømes frå helsestasjonen.

Kommunedirektøren tilrår difor at endringar som fylgjer av demografi vert innarbeida i løpet av økonomiplanperioden. Då vert det også mogleg å ta kutt i samband med naturlege avgangar. I kommunedirektøren sitt framlegg til økonomiplan er det 2 tilpassingar til demografi som vert gjort. Eit allereie vedteke kutt på 300.000,- på skulen vert gjennomført, og eit nytt kutt på 500.000,- i år 2026 og 250.000,- i 2027 vert lagt på barnehagen. Det er også lagt opp til overlapp av stillingar på enkelte tenester, men dette vert trekt ut att i løpet av økonomiplanperioden.

INGAR og særskilte fordelingar


Under rammetilskot frå staten fekk Solund kommune tidlegare også distriktstilskot Sør-Noreg og skjønntilskot frå Statsforvaltaren. For 2026 hadde dette til saman utgjort 8.332.000,-, men grunna høge havbruksinntekter fell desse inntektene bort. Bortfallet av distriktstilskot Sør-Noreg vert kompensert av inntektsgarantiordninga (INGAR) og fasast inn over ein årrekke. I 2026 utgjør INGAR 3.264.000,- slik at det faktiske trekket Solund kommune får grunna høge havbruksinntekter er på 5.068.000,- i 2026. Det er som sagt også verdt å merke seg at desse 3.264.000,- vert fasta ut dei neste åra, og at Solund kommune neppe kjem godt ut statsbudsjettet på lang tid.

Særskilte fordelingar er ulike spesialordningar og øyremerka tilskot. Her er det ingenting nytt av året, og samla sett utgjør det 111.000,- for Solund kommune.


Demografi og framtidige inntekter

Framtidig demografiutvikling har også mykje å seie for inntektene til Solund kommune. Tabellane under synar forskjellen på folketalsutvikling frå hovudalternativet i SSB sin befolkningsframskriving og ein befolkningsframskriving der ein legg til grunn 3-4 fødde og ingen til- eller fråflytting i aldersgruppa 0-15. Den siste grafen er heimesnekra og på ingen måte ein form for vitskap, men forskjellen i grafane illustrerer godt kvifor demografi er viktig for kommuneøkonomien. For legg ein til grunn SSB og sin graf og KS sine modellar vil Solund kommune få 7.459.000,- meir frå staten i 2035 enn i dag for å dekke auka demografikostnader. Men legg ein til grunn den andre grafen mister Solund kommune 1.718.000,- for same tidsperiode. Auken til Pleie og omsorg er ganske jamn på mellom 3.000.000,- og 4.000.000,- for begge modellane, men forskjellen ligg i hovudsak om ein får 3.700.000,- eller mister 5.900.000,- til aldersgruppa 0-15.

Demografi: SSB - MMMM



Demografi: 3-4 fødde Ingen til- eller fråflytting 0-15



(Tabellane synar folketalsutviklinga i Solund under ulike føresetnader)


I grafane over ligg heile endringane i aldersgruppa 0-15 år, som er ein dyr (og godt kompensert) aldersgruppe. Det er difor lett å sjå for seg ein liknande graf med vesentleg mindre økonomisk effekt. Poenget er uansett å illustrere viktigheita av demografiutviklinga for Solund kommune sin økonomi, og mykje av arbeidet i drifta framover vil handle om å tilpasse seg demografiendringane. Samstundes er det viktig å satse på tiltak som kan påverke demografien i ynskja retning.

Skatt og inntektsutjamning

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
18000	Inntektsutjamning	3 963	3 963	3 963	3 963
18700	Skatt på inntekt og formue	-38 618	-38 618	-38 618	-38 618
	Sum skatt og inntektsutjamning	-34 655	-34 655	-34 655	-34 655

(Tabellen synar forventa skatt- og inntektsutjamning gjennom heile økonomiplanperioden)

Det er budsjettert med 38.618.000,- i skatteinntekter, noko som gjer at Solund kommune må betale 3.963.000,- til inntektsutjamning. Fordi skattegrunnlaget er veldig ulikt mellom kommunane er det laga eit system for å utjamne skatteinntektene på landsbasis der kommunar med meir enn 100 % av landsgjennomsnittet beholder 38 % av skatteinntektene, og betaler 62 % inn for å kompensere kommunar med svakare skattegrunnlag. Så langt i 2025 ligg Solund kommune på 111 % av landsgjennomsnittet.



(Illustrasjon av inntektsutjamning frå kommunal og distriktsdepartementet)

I fjor var det knytt ein del usikkerheit til skatteinntektene i 2025 og ein var i utgangspunktet forsiktige i budsjetteringa. Året så langt har vist gode skatteinntekter og kommunestyret auka budsjettet med 3.805.000,-. Det utgjer ein vekst på 11,5 % og er 0,8 % betre enn veksten på landsbasis. Diskusjonane

kring formuesskatt i valkampen gjer også at skatteetaten har delt ein del data kring formuesskatt som tilseier at den høge skatteinngangen til Solund kommune ikkje skuldast ekstraordinære høve som sal, utbytte osv. skattlagt via formuesskatten.

Budsjettjusteringa medførte ein auke i skatteinntektene på 11,5 % frå 2024 til 2025, noko som er 0,8 % betre enn landsgjennomsnittet. Det er framleis usikkert om Solund kommune når dei budsjetterte tala for 2025 då desember er ein særskild lite føreseieleg skattemånad. Men kommunedirektøren er trygg på at ein kan forvente ein auke i skatteinntektene også i 2026. KS forventar ein vekst på 5,6 %, så grunna usikkerheita kring 2025 tala tilrår kommunedirektøren ein vekst på 5 % for å behalde ein liten buffer.

At Solund kommune har over 100 % av landsgjennomsnittet i skatteinntekter gjev også ein buffer då eventuell feilbudsjettering på skatt gjev lågare inntektsutjamning slik at ein eventuelt berre bommar med 38 øre per krone feilbudsjettet.

Inntekter frå Havbruksfondet


		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
18400	Inntekter statleg Havbruksfond - produksjonsavgift	-10 400	-10 400	-10 400	-10 400
	Inntekter statleg Havbruksfond - auksjonar	-36 600		-36 600	

(Tabellen synar forventa inntekter frå Havbruksfondet gjennom heile økonomiplanperioden)

Som vertskommune for havbruk får Solund kommune inntekter frå Havbruksfondet. Fondet vart oppretta av Stortinget i 2015 og hadde fyste utbetaling i 2017. For 2026 tilrår kommunedirektøren å budsjettert med 47.000.000,- i inntekter frå Havbruksfondet, 10.400.000,- i produksjonsavgift og 36.600.000,- frå auksjonane. Samla for økonomiplanperioden er talet 114.800.000,- og utgjør 23 % av dei overordna inntektene til Solund kommune.

Inntektene frå Havbruksfondet er delt mellom produksjonsavgift og auksjonsinntekter. Produksjonsavgifta kjem årleg og er rimeleg sikre inntekter som kjem så lenge det går fisk i merdane langs kysten. For alle åra i økonomiplanperioden er det budsjettert med 10.400.000,- i inntekter frå produksjonsavgifta, som er det beløpet som vart utbetalt i 2025.

Dei resterande midlane kjem som utbetalingar etter auksjonane. Annakvart år auksjonerer Nærings- og fiskeridepartementet bort produksjonskapasitet til havbruksnæringa, og inntekta vert delt mellom staten og dei kommunane og fylkeskommunane som er vertskap for havbruk. Uavhengig av kor den auksjonerte produksjonskapasiteten ligg. Dette har gjeve Solund kommune store inntekter dei siste åra, og på kort sikt er også dette trygge inntekter.



(Figuren synar inntekter i tusen kroner frå Havbruksfondet frå 2017 og ut heile økonomiplanperioden, med gjennomsnitt dei siste 2 åra som stipla linje)

Men produksjonskapasiteten kan ikkje vekse for evig, og på eit eller anna tidspunkt vil auksjonsinntektene minke og Solund kommune må planlegge med dette i tankane. Samstundes er det desse ekstraordinære inntektene som gjer at distriktstilskot Sør-Noreg fell bort. Dette inntektstapet vil vokse etter kvart som INGAR fasast ut, men her ligg det også ein "fallskjerm" viss auksjonsinntektene fell bort på sikt. I juni 2025 inngjekk også partia Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre eit breitt forlik i Stortinget om Havbruksmeldinga. Der vart det mellom anna vedteke at «Havbruksfondet skal videreføres og videreutvikles for å sikre og opprettholde forutsigbare og stabile inntekter til vertskommuner og lokalsamfunn.», og det er lov å håpe at det vil kome trygge og stabile inntekter frå Havbruksfondet også viss nivået på auksjonane vert redusert i framtida.

Kommunedirektøren tilrår difor at ein på sikt ikkje nyttar meire havbruksmidlar i drifta enn det som stammer frå produksjonsavgifta, og auksjonsinntekter tilsvarande andre inntekter som er trekt grunna høge havbruksinntekter. Overskytande auksjonsinntekter bør nyttast til nedbetaling av gjeld og investeringar. For 2026 er samla bruk av auksjonsinntektene på 11.506.000,- der 5.068.00,- skal dekke bortfall av andre inntekter. Per i dag ser det ut som ein skal nå målet rundt 2030 og 2026 er 506.000,- nærare målet enn i opphavsleg budsjett 2025. I endeleg budsjett for 2025 kjem ein ut med ein fondsbruk på 5.932.000,- utover produksjonsavgift og kompensasjon av utgifter som fell bort grunna Havbruksinntekter, men det skuldast at betalingane frå Havbruksfondet vart høgare enn budsjettet i 2025 og mesteparten av det vert foreslått satt av på fond.

Integreringstilskot

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
18600	Integreringstilskot busette flyktningar	-1 776	-665	-299	0

(Tabellen synar forventa integreringstilskot gjennom heile økonomiplanperioden)

Ingen flyktningar vart busett i Solund kommune i 2025, men det er 18 busett frå tidlegare år. Både inntektssida og utgiftssida vert budsjettet ut ifrå desse og ein legg då til grunn 1.776.000,- i inntekter for 2026.

Kommunedirektøren har lagt fram sak om å busette 10 flyktningar i 2026 på bakgrunn av oppmoding frå IMDi. Vert dette vedteke og gjennomført vil både utgiftene og inntektene auke, og det vil bli handtert i budsjettjusteringssaker gjennom året.

Eigedomsskatt

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
18750	Eigedomsskatt	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800

(Tabellen synar forventa eigedomsskatt gjennom heile økonomiplanperioden)

Kommunestyre skriv ut eigedomsskatten kvart år i samband med handsaminga av budsjettet og økonomiplan. Solund kommune har eigedomsskatt på faste eigedommar, men ikkje verk, bruk eller anna nærings eigedom. For 2026 er det budsjettet med 1.800.000,- i inntekter frå eigedomsskatten. Satsen er per i dag på 2 promille, halvparten av det maksimalt tillata. Såleis kunne budsjettposten vore 1.800.000,- høgare enn den er i dag. I tillegg hadde det vore mykje å hente ved å skattlegge nærings eigedommar.

Det fylgjer av eigedomsskattelova § 8 A-3, 2. ledd, 2. punktum at det skal vere ei allmenn taksering i kommunen kvart tiande år. Takseringa i Solund kommune er frå 2013, med verknad frå 2014, så det skulle vore gjennomførast allmenn taksering i 2023 med verknad for 2024. Kommunestyre valde i staden å gjennomføre ein kontorjustering av taksten i staden for. Alle eigedommar med taksten satt av eigedomsskattenemnda vart justert med 10 %. Kommunedirektøren tilrår å gjere tilsvarende i for 2026. Her er det verdt å merke seg at av eigedomsskattelov § 8 A-2, 1. ledd fylgjer at takstnivået ikkje kan overstige omsetningsnivå for eigedommen. Dette gjev ein sikkerheitsventil for å, etter klage, fange opp eventuelle eigedommar som har falt i verdi grunna forfall.

Det er også verdt å merke seg at kontorjustering berre får verknad for eigedommane der takst frå sakkunnig takstnemnd vert nytta for utskriving av eigedomsskatt. Dei fleste bustader får eigedomsskatten satt ut ifrå den verdien som er meldt til Skatteetaten.

På sikt bør ein vurdere om ny allmenn retaksering skal gjennomførast. Dataprogramma som nyttast til eigedomsskatten og andre kommunale gebyr er overmodent for å oppgraderast og leverandør har meldt at deler av dei ikkje lenger vil bli haldt ved like frå 2027. Det er planar om å sjå på oppgraderingar i lag med dei andre kommunane i SySIKT i løpet av 2026, og nye og betre datasystem vil truleg lette administrasjonen av eigedomsskatt dei komande åra.

Andre generelle statstilskot

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
18101	Rentekompensasjon Sokneråd	-20	-20	-20	-20
	Rentekompensasjon skulebygg	-30	-30	-30	-30
	Rentekompensasjon praktisk og variert opplæring	-90	-90	-90	-90
	Rente- og avdragskomp. Solundheimen	-500	-500	-500	-500

(Tabellen synar andre generelle statstilskot gjennom heile økonomiplanperioden)

Generelle statstilskot er for Solund i praksis ulike rentekompensasjonsordningar. Og er for 2026 forventa gje å til saman 640.000,- i inntekter til Solund kommune.

Finansinntekter og -utgifter

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
19000	Renteinntekter	-1 100	-2 100	-1 100	-2 200
19005	Utbytte Eviny (0,24% eigarskap)	-2 650	-2 650	-2 650	-2 650
	Utbytte SF Holding (1,5% eigarskap)	-1 110	-1 110	-1 800	-1 800
15100	Avdrag på eksisterande lån	6 246	7 073	7 188	7 283
	Ekstraordinære avdrag	5 000	1 000	15 000	1 000
15000	Renteutgifter	9 008	8 124	7 890	7 321
	Netto finansutgifter/inntekter	15 394	10 337	24 528	8 954

(Tabellen synar finansinntekter og -utgifter gjennom heile økonomiplanperioden)

Renter og avdrag


Finansutgiftene og inntektene er netto budsjettert med 15.394.000,- i utgifter for 2026. 5.000.000,- av dei er ekstraordinære avdrag for å få ned lånegraden. Utgiftene til renter vert på 9.008,- og ein forventar 1.100.000,- i renteinntekter. Utgiftssida er eit trygt estimat der ein legg her til grunn kommunalbanken sine rentebaner.

Kommunedirektøren har lagt opp til ein del ekstraordinære avdrag gjennom økonomiplanperioden. Fyst og fremst i auksjonsåra då løyvinga også er ein buffer mot usikre auksjonsinntekter. Men etter at det kom auka produksjonsavgift i 2025 tilrår kommunedirektøren også årlege avdrag utover eksisterande nedbetalingsplan. Dette gjev også ein effekt på rentekostnadane med om lag 22.000,- i året for kvar nedbetalt 1.000.000,-.

Utbytte

Der ligg også inne 2.650.000,- i utbytte frå Eviny og 1.100.000,- i utbytte frå SF Holding. Utbytte frå Eviny tek utgangspunkt i signal i frå eigarmøtet til Eviny i november 2025 om at ein kan forvente utbetalingar same nivå som i 2025, og vel så det. Kommunedirektøren har difor budsjettert med 2025 nivå justert med kommunal deflator. SF Holding er eit holdingselskap som eiger aksjar i Sogn og Fjordane Energi. Talet for utbytte frå SF Holding i 2026 baserer seg difor på utbytte frå Sogn og Fjordane Energi i 2025 og er kjent. Utbytte frå SF Holding ligg så lågt at kommunedirektøren legg til grunn at det kjem til å vekse i økonomiplanperioden.

Gjeldsutvikling



(Tabellen synar utviklinga i gjelda til Solund kommune sidan 2016 og ut økonomiplanperioden)

Finanskostnadane er ein konsekvens av Solund kommune sin høge lånegrad og i samband med ein del større investeringar som omsorgsbustadane og ny skule med bibliotek har gjelda til Solund kommune vokse med mykje dei siste åra. Gjelda er eit av område der ein målretta innsats kan være med å bygge buffer til ein dag der ein eventuelt står med lågare Havbruksinntekter enn i dag. Og det er også den måleindikatoren der Solund kommune i dag er lengst i frå anbefalt og ynskja nivå.

Dei høge Havbruksinntektene gjev høve til å gjere store inngrep i gjelda gjennom å fondsfinansiere investeringar og å nytte fondsmidlar til nedbetaling av gjeld. Samstundes må framtidige investeringar haldast på eit slikt nivå at målet om nedbetaling av gjeld lar seg gjennomføre.

Med kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan ser samla lånegjelda slik ut gjennom økonomiplanperioden:

Lån	2026	2027	2028	2029
Tatt opp	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-1 812 000
Nedbetalt	11 246 000	8 073 000	22 188 000	8 283 000
Gjeld	184 049 000	180 976 000	163 788 000	157 317 000

Bruk av- og avsetnader til fond

	ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
DISPOSISJONSFOND:				
Avsetnad auksjonsinntekter frå statleg Havbruksfond	36 600		36 600	
Kompensasjon for inntekter som fell bort grunna Havbruksinntekter	-5 068	-5 397	-5 725	-6 052
Justering mot fond	-6 156	-2 494	-2 334	-860
Ekstraordinære avdrag	-5 000	-1 000	-15 000	-1 000
Bruk av midlar frå disposisjonsfond til investering	-10 644	-1 432	-1 612	0
Frå investering - gravplass drenering og utskifting jord				
Omdisponering: Vaske/male Hardbakke kyrkje - ansvar 800	-1 150			
Netto avsetnader	8 582	-10 323	11 929	-7 912
Overføring til Eigenkapitalinnskot KLP (inv)	330	330	330	330
Overføring til Netto avdrag på utlån (inv)	120	120	120	120
Overføring av midlar frå disposisjonfond til investering	10 644	1 432	1 612	0
Sum overført til investering	11 094	1 882	2 062	450

(Tabellen synar bruk og avsetnader til fond gjennom heile økonomiplanperioden)


Budsjettet vert balansert med bruk og avsetnader mot disposisjonsfondet. Her ligg også kommunestyre sitt handlingsrom, både for 2026 og på lang sikt. Reglane for stryking i årsavslutninga gjer at det også i praksis er her årsrekneskapen vert balansert.

Dei varierende inntektene frå Havbruksfondet gjer at også bruk og avsetnad av fond svingar mykje mellom år med og utan auksjonar. Den ekstraordinære nedbetalinga av lån gjer desse svingingane mindre enn dei elles ville vore. I utgangspunktet skulle ein ynskje at ein satt av meir i auksjonsåra enn ein nytta i åra utan auksjonsinntekter, og justert for dei ekstraordinære avdraga gjer ein det.

Med kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan ser disposisjonsfondet slik ut gjennom økonomiplanperioden:

Udisponerte fondsmidlar (31.12)	2026	2027	2028	2029
Generelt disposisjonsfond	19 091	8 526	20 213	12 059
Utviklingsfondet	4 893	4 093	3 293	2 493

Drift



(Tabellen synar fordeling midlar fordelt til drift fordelt på dei ulike sektorane)

Under følger ein gjennomgang av budsjett og økonomiplan for drifta. Alle endringar frå økonomiplanen vedteke i juni er markert i gult. Alle tenester har fått tilført forventa løns- og prisvekst på 3,5 % og dette er markert i grønt. Endringar er kommentert nærare, og der det er aktuelt vert innspel som ikkje har blitt tatt med i budsjett og økonomiplanen også kommentert.

Stab

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Sektor Stab - 100 serien	16 379	15 729	15 479	15 579
100	Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.	14 170	13 520	13 270	13 370
	Tilbakeføring ressursinnsats mot Bygdevekst	100			
	Justering utgiftsnivå valår	-100	100	-100	100
	Overlapp av stillingar i samband med generasjonsskifte		-300		
	Ny kostnadsnøkkel SySIKT	-300			
	Frikjøp HTV til ansvar 620	-125			
	Frå ansvar 180	174			
	Opphør retrettstilling		-450	-150	
	Løns- og prisvekst	478			
130	Bustadforvaltning	-783	-783	-783	-783
	Permanent auka ramme	200			
	Løns- og prisvekst	-33			
150	Flyktningkoordinator	0	0	0	0
	Til ansvar 490	-1 776			
180	Andre særskilde utg / innt	0	0	0	0
	Bortfall vegutløysingsmidlar Tangenes	225			
	Overført til ansvar 100	-174			
	Løns- og prisvekst	1			
190	Solund Søkneråd	2 992	2 992	2 992	2 992
	Løns- og prisvekst	101			

(Tabellen synar endringar for Staben i budsjett og økonomiplanen)

Staben hadde ei samla løyving på 16.098.000,- i opphavleg budsjett 2025 og 17.243.000,- i endeleg budsjett 2025. Det er budsjetttert med 16.379.000,- for 2026. Nedgangen skuldast i hovudsak budsjettekniske endringar der ansvar 150 har gått til sektor for Samfunns- og næringsutvikling og 125.000,- i frikjøp til hovudtillitsvald har blitt flytta frå ansvar 100 til ansvar 180 då det har vore valt ny hovudtillitsvald i Fagforbundet.

Vegutløysingsmidlane frå Tangenesvegen har vore handtert på ansvar 180, men då 2025 var siste året med vegutløysingsmidlar vert denne løyvinga tatt bort. Då ligg det så lite att på ansvar 180 og kommunedirektøren tilrår at en for enkelheitsskuld slår ansvaret saman med ansvar 100.

Kommunedirektøren tilrår å permanent auke ramma på ansvar 130. Ved husleigefakturering brukar Solund kommune å splitte innbetalinga frå leigetakar mellom husleiga og dei kommunale avgiftene. Husleiga ligg på ansvar 130 og dei kommunale avgiftene ligg på ansvar 620. Dette har ikkje vore gjort

for omsorgsbustadane, så leigeinntektene der har i mange år vore budsjettert for høgt. Kommunedirektøren ynskjer å rette dette frå 2026, og ein kan difor forvente 200.000,- mindre i leigeinntekter til neste år.

I dag har tidlegare administrasjonssjef ein retrettstilling, noko han hadde rett på då han vart tilsett på åremål etter fylte 60 år. Denne fell bort i løpet av 2027 og det vert difor budsjettert med reduserte kostnader i Staben i 2027 og 2028.

I økonomiplanperioden var det også lagt inn ein føresetnad om innsparingar på ny kostnadsnøkkel i SyS-IKT. Den gamle kostnadsnøkkel til SyS-IKT fordelte 50 % av utgiftene flatt, og 50 % etter folketal, samstundes som Sunnfjord kommune betalte flatt som om dei framleis var 4 kommunar. Alle ordningar med flate fordelingar av utgifter kjem små kommunar som Solund dårleg ut av. Kostnadsnøkkel har vore revidert i år, og er vedteke for 2026 med 25 % flatt og 75 % etter folketal, og Sunnfjord skal betale det flate tilskotet som 1 kommune. Det er også slått fast som prinsipp at lisenskostnader og liknande som kan fordelast etter faktisk bruk hos kommunane skal fordelast på den måten. Dette har i stor grad også vore gjeldande tidlegare. I sum gjer det føresetnaden om innsparing på 300.000 kjem til å bli nådd.

Det har også kome innspel om båtruter i Solund kommune. Det er no fast busetnad på Tveranger igjen og innbyggjarane der ynskjer at den gamle stoppestaden på Nord-Solund ruta vert gjenopna. Det har også kome innspel frå bebuarane på Nautøy at det er ynskjeleg med ein rute der ein kjem seg til og frå Hardbakke for ærend utan at ein må vente heile dagen på Hardbakke for retur. I utgangspunktet er det fylkeskommunen som har ansvar for rutebåtane, men Skyss har signalisert et desse endringane vil krevje finansiering frå Solund kommune. For Tveranger er det kostnadsberekne til ein årleg meirkostnad på 186.560,- for 3 anløp i veka. Tilsvarende berekning er ikkje gjort for Nautøy, og ingen av innspela er innarbeida i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett og økonomiplan.

Oppvekst og kultur

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Sektor Oppvekst og Kultur - 200 serien	31 350	31 100	31 100	31 100
200	Solund barnehage	8 019	7 769	7 769	7 769
	Demografitilpassing (med verknad frå barnehageåret 25/26)	-500	-250		
	Kompensasjon redusert foreldrebetaling	287			
	Løns- og prisvekst	278			
210	Solund skule	15 345	15 345	15 345	15 345
	Heilårseffekt personalendringar 25/26	-300			
	Løn særskild norskopplæring m.m.	-425			
	Redusert drift ved ny / rehabilitert skule	-150			
	Ytterlege utgifter flyktningprogram	-400			
	Løns- og prisvekst	519			
220	Fellesadm.- og utgifter Oppvekst og kultur	4 336	4 336	4 336	4 336
	Ungdomsordinator 40 % (tidlegare prosjektfinsiert)	300			
	Ytterlege utgifter flyktningprogram	-300			
	Løns- og prisvekst	147			
230	Kultur	365	365	365	365
	Løns- og prisvekst	12			
240	Bibliotek	826	826	826	826
	Kompensasjon løns- og prisvekst	28			
250	Solund kulturskule	1 413	1 413	1 413	1 413
	Kompensasjon løns- og prisvekst	48			
260	Ungdomsråd og ungdomssatsing	234	234	234	234
	Løns- og prisvekst	8			

(Tabellen synar endringar for Oppvekst og kultur i budsjett og økonomiplanen)

Oppvekst og kultur hadde ei samla løyving på 29.660.000,- i opphavleg budsjett 2025 og 31.771.000,- i endeleg budsjett 2025. Det er budsjetttert med 31.350.000,- for 2026. Det vert gjort ein del demografitilpassingar i sektoren. Skulen gjennomfører eit allereie vedteke kutt på til saman 1.275.000,- og det vert lagt inn eit nedtrekk i barnehagen på 500.000,- i 2026 og 250.000,- i 2027.

Barnehagen vert kompensert for heilårsverknad av redusert foreldrebetaling vedteke av Stortinget i 2024, og 40 % stilling som ungdomskoordinator som låg inne i vedteke økonomiplan trer i kraft på ansvar 220.

Innanfor sektoren har det kome fleire budsjettinnspel som kommunedirektøren ikkje har funnet plass til i 2026. Det er ynskje om ein stillingsressurs til elevmiljøarbeid og ekstra vikarutgifter på skulen. Det har også kome innspel om midlar til kompetanseheving, mellom anna i barnehagen. Då det er vanleg drift gjennom dagen både på skulen og i barnehagen er det berre på plandagane og gjennom personalmøte på kveldstid ein får gjennomført felles opplæring og innføring av stort og smått. Særleg personalmøta på kveldstid medfører ekstrakostnader, for barnehagen sin del på ca. 5.000,- per møte.

Kommunedirektøren ynskjer også å flagge ein særskilt problemstilling kring ramma til skulen. Ramma går opp med dei tilsett ein har i dag, men Solund kommune har ein høg grad av ufaglærte og nyutdanna lærarar kjem inn med mastergrad, og skal lønnast der etter. Solund kommune kjem difor til å få auka kostnader på skulen viss graden ufaglærte tilsette går ned. Kompetanse er sjølvstykkeleg, men medfører ein kostnad Solund kommune må være førebudd på å ta den dagen den kjem.

Helse og omsorg

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Sektor Helse og omsorg - 300 serien	39 367	37 067	37 067	37 067
310	Helsetenester m.m.	9 817	9 817	9 817	9 817
	Frå investering - Velferdsteknologi	200			
	Frå investering - Inventar og utstyr Helse- og omsorg	50			
	Auka basistilskot til fastlegar	68			
	Løns- og prisvekst	330			
313	Psykisk helse og Psykolog	1 737	1 737	1 737	1 737
	Styrking ramme	150			
	Løns- og prisvekst	54			
370	Pleie- og omsorg	20 943	18 643	18 643	18 643
	Frå investering - Inventar og utstyr Helse og omsorg	200			
	Auka kostnader grunna bruk av vikarbyrå	-2 200	-2 300		
	Løns- og prisvekst	708			
373	Kjøkken og vaskeri	3 323	3 323	3 323	3 323
	Løns- og prisvekst	112			
375	Reinhald	3 547	3 547	3 547	3 547
	Forbruksmateriell reinhald frå ansvar 620	300			
	Løns- og prisvekst	110			

(Tabellen synar endringar for Helse og omsorg i budsjett og økonomiplanen)

Helse og omsorg hadde ei samla løyving på 35.015.000,- i opphavleg budsjett 2025 og 39.285.000,- i endeleg budsjett 2025. Det er budsjetttert med 39.367.000,- for 2026.

Utanfor Pleie og omsorg er det snakk om mindre justeringar. Basistilskotet til fastlegar er auka, og ansvaret for helsetenester verdt difor oppjustert noko. 2025 var også fyste året på lenge utan vakanse i psykologstillinga. Ein ser no at ramma der er noko lavt med heilårsdrift, og kommunedirektøren tilrår å styrke ramma. Det ligg framleis inne ein føresetnad om at ein sel tenester til andre kommunar, men dette har ein ikkje lukkast med i 2025. Kommunedirektøren ynskjer likevel ikkje å endre den føresetnaden per i dag. Det vert også gjort ein budsjetteknisk justering på ansvar 375 Reinhald. Tidlegare låg budsjettposten for innkjøp av forbruksmateriell til reinhald på ansvar 620, men kommunedirektøren tilrår å flytte løyvinga til ansvar 375 saman med oppgåva med å bestille inn reinhaldsutstyr.

Ansvar 370 Pleie og omsorg er det største usikkerheitsmomentet i budsjettet for 2026. Stort sett heile auka frå opphaveleg til endeleg budsjett 2025 for Helse og omsorg ligg her, og er knytt til

vikarutgifter. Solund kommune kjem truleg til å ende året med om lag 7.500.000,- i vikarutgifter. Men ein har i dag inne færre vikarar enn tidlegare på året, og ynskjer også ytterlegare å redusere kostnaden gjennom 2026. Kommunedirektøren budsjetterer difor med 3.952.000,- i vikarutgifter for 2026, og ein føresetnad om ytterlegare reduksjon på 2.300.000,- i 2027. Det er eit ambisiøst, men ikkje uoppnåeleg mål, og kommunedirektøren kjem til å fylgje utviklinga nøye. Med tanke på drifta har nettopp vikarutgiftene i Pleie og omsorg vore den største utfordringa til Solund kommune dei siste årene. Samstundes er mangel på helsepersonell ein nasjonal utfordring som berre vil auke med ei aldrande befolkning. Gjennomsnittsalderen i Solund kommune er i 2025 7 år høgare enn i landet, og problemet kjem til å treffe Solund kommune med auke styrke dei komande åra.

Samfunns- og næringsutvikling

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Sektor Samfunns- og næringsutvikling - 400 serien	7 469	6 358	5 693	5 693
400	Samfunns- og næringsutvikling	2 847	2 847	2 847	2 847
	Tilbakeføring ressursinnsats mot bygdevekst	450			
	Planressurs til ansvar 610	-1 000			
	Sosialfagleg ressurs til ansvar 480	-300			
	Løns- og prisvekst	140			
420	Leiar frivillegsentral	633	633	633	633
	Husleige BUA	100			
	Løns- og prisvekst	18			
430	Gjenbruket	376	376	376	376
	Reduserte salsinntekter				
	Løns- og prisvekst	13			
440	Folkehelsearbeid	561	561	561	561
	Løns- og prisvekst	19			
480	NAV Solund	1 276	1 276	1 276	1 276
	Sosialfagleg ressurs frå ansvar 400	300			
	Auka kostnader ny partnerskapsavtale	150			
	Auka budsjett sosialhjelp	150			
	Løns- og prisvekst	23			
490	Flyktningtenesta	1 776	665	299	0
	Overført frå ansvar 150	1 776			

(Tabellen synar endringar for Samfunns- og næringsutvikling i budsjett og økonomiplanen)

Samfunns- og næringsutvikling hadde ei samla løyving på 5.592.000,- i opphavleg budsjett 2025 og 5.630.000,- i endeleg budsjett 2025. Det er budsjetttert med 7.469.000,- for 2026. Auka skuldast i ein styrking av NAV og ein del budsjettekniske endringar.

Det vert overført ein planressurs frå Samfunns- og næringsutvikling til Plan og tekniske tenester. Dette for å samle dei som arbeider med både overordna planer, reguleringsplanar og byggesaker i same sektor. Det vert også tilført 100.000,- til BUA for å dekke husleigekostnader. Tidlegare hadde ein noko leigeinntekter frå lokale i BUA, men ein fast leigetakar har sagt opp, og det at ein lånar ut møtelokale til lag og organisasjonar gratis gjer at det ikkje kjem særleg mykje leigeinntekter.

Mesteparten av endringane er knytt til ansvar 480 NAV Solund. Mangeårig NAV-leiar går av med pensjon i 2025. Ho har vore statleg tilsett og den statlege delen av NAV har dekkja 62 % av driftskostnader, stram, og liknande. Den statlege delen av NAV kjem ikkje til tilsetje nokon i den stillinga som no er vakant, og har varsla at dei framover kan være med å finansiere 25 % av ein stilling og 25 % av driftskostnadane. NAV kontoret i Solund mister med det både ein stillingsressurs og dekning for store deler av driftskostnadane.

Solund kommune hadde valet mellom då å gå inn i eit interkommunalt samarbeid eller styrke det lokale NAV-kontoret for å sikre vidare drift i Solund. Kommunedirektøren ynskjer å halde fram med NAV-kontor i Solund som i dag, og tilrår difor fleire grep for å sikre finansiering, bemanning og sikkerheita ved NAV-kontoret. Ressursar vert flytta frå ansvar 400 og 150 til ansvar 480 NAV Solund og eit nyoppretta ansvar 490 Flyktningtenesta. Ein samlokaliserer då også NAV og Flyktningtenesta for å skape eit sosialfagleg miljø og avhjelpe kvarandre. For å ivareta sikkerheita kjem også andre tilsette i sektor for Samfunns- og næringsutvikling til å sitte på Næringsbygget ved behov. Dei siste 3 åra har Solund kommune også oppjustert sosialhjelpsbudsjettet kvart år, og kommunedirektøren tilrår difor å auke den løyvinga permanent.

Som tidlegare år vert det budsjettert med heile integreringstilskotet på Flyktningtenesta, og vert det rom for det vert eventuelt overskytande avsett til fond.

Det er også kome fleire innspel til sektoren som kommunedirektøren ikkje har funnet plass til i budsjett og økonomiplanen. Mellom anna til nye stillingar, konsulentutgifter til planarbeid, auka eige kapital til tilskotsøking med meir.

Plan og tekniske tenester

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Sektor Plan og tekniske tenester - 600 serien	12 075	12 725	12 625	12 625
600	Tekniske- og sjølvkosttenester	3 586	3 586	3 586	3 586
	Frå ansvar 610	118			
	Kompensasjon for bortfall av avtale om oljevern	350			
	Løns- og prisvekst	105			
610	Byggesak, plan, landbruk, m.m.	2 239	2 239	2 239	2 239
	Tilbakeføring ressursinnsats mot Bygdevekst	100			
	Til ansvar 600 og 620	-149			
	Planressurs frå ansvar 400	1 000			
	Frikjøp hovudverneombod - styrking vernetenesta	125			
	Løns- og prisvekst	42			
620	Bygg og anlegg	6 250	6 900	6 800	6 800
	Frå investering - prosjektleiing	1 000			
	Ressursinnsats ført mot investering	-1 000			
	Innsparde driftskostnader ny skule	-100			
	Frå ansvar 610	31			
	Frikjøp hovudtillitsvald frå ansvar 100	125			
	Kompensasjon for bortfall av refusjon fylkesveg	250	750		
	Innsparing feiing i eigeregi	-100	-100	-100	
	Forbruksmateriell reinhald til ansvar 375	-300			
	Løns- og prisvekst	211			

(Tabellen synar endringar for Plan og tekniske tenester i budsjett og økonomiplanen)

Plan og tekniske tenester hadde ei samla løyving på 9.967.000,- i opphavleg budsjett 2025 og 10.267.000,- i endeleg budsjett 2025. Det er budsjettert med 12.075.000,- for 2026.

Ein del av auka skuldast budsjettekniske endringar der det er tilført tilsaman 1.150.000,- frå andre ansvar grunna overførte funksjonar. Det gjeld 1.000.000,- til planressurs som omtala under Samfunns- og næringsutvikling og 125.000,- til frikjøp hovudtillitsvald som omtalt under Stab. Det er også lagt inn eit tilsvarande frikjøp av hovudverneombod for å styrke vernetenesta. I tillegg vert det gjort nokre mindre interne justeringar i sektoren på bakgrunn av detaljbudsjetteringa.

I tillegg er det to avtalar som går ut i 2026 som har vore veldig gode for Solund kommune, og som har vore med å finansiere drifta til Plan og tekniske tenester. For det fyste tek Kystverket over administrering av oljevernet. Det har ein avtale med totalsum på nesten 800.000,- der Solund kommune gjekk med 350.000,- i overskot i fjor. For det andre tek Vestland fylkeskommune over drifta av fylkesvegane i Ytre Sula når Ytre Steinsund bru opnar. Der har Solund kommune fått i overkant av 1.000.000,- i året, men det får berre 3 månaders verknad i 2026.

Kommunedirektøren tilrår i fyste omgang å kompensere sektoren for bortfall av inntekter, men legg nokre føresetnader om tilpassing av drifta gjennom økonomiplanperioden. Det er mellom anna planlagt å ta feiartenesta med egne ressursar og ein tilsett held på med etterutdanning for å bli feiar. Det vil gje reduserte kostnader til kjøp av tenester frå Masfjorden kommune som leverer tenesta i dag.

Overordna løyvingar

Sektor Kommunedirektør 799 + 800-serien	2 799	1 595	1 595	1 595
Pensjonsoppgjjer og premieavvik	-255	-255	-255	-255
Justering pensjonskostnad til dagleg drift				
Auka kostnader AFP	745			
Tilleggsloyvingar - Kommunestyre	1 324	0	0	0
Investeringstilskot Solund sokneråd - vaske/male Hardbakke kyrkje	1 150			
Tilleggsloyvingar - Formannskap	400	400	400	400
Fri disposisjon	200	200	200	200
Kulturmidlar	200	200	200	200
Tilleggsloyvingar - Ordførar	50	50	50	50
Fri disposisjon	50	50	50	50
Tilleggsloyvingar - Kommunedirektøren	680	900	900	900
Personaltiltak	100	100	100	100
Arbeidsmiljøtiltak	100	100	100	100
Beredskapsarbeid	150	150	150	150
Lærlingar / Trainée	250	250	250	250
Stipend	120	300	300	300
Tilleggsloyvingar - Samfunns- og næringsutvikling	600	500	500	500
Sommarjobbar 13-17 år	300	200	200	200
Heilårsbasert reiseliv	100	100	100	100
Strategisk handlingsplan	100	100	100	100
Frå tilleggsloyvingar ansvar 800 - Fri disposisjon	100	100	100	100
Synleggjering og tilrettelegging næringsutvikling	600	600		
Tilskot til næringsutvikling	-300	-300		
Matchingsmidlar frå Utviklingsfondet	-300	-300		

(Tabellen synar endringar i overordna løyvingar i budsjett og økonomiplanen)

Dei overordna løyvingane var på til saman 2.200.000,- i opphavleg budsjett 2025 og 2.446.000,- i endeleg budsjett 2025. Det er budsjetttert med 2.799.000,- for 2026. Den store endringa er at utbetaling av tilskot til Soknerådet for å vaske og male Hardbakke kyrkje ligg inne i 2026. I tillegg er løyvinga for beredskapsarbeid auka med 100.000,-. Vi har få faste kostnader til beredskapsarbeid, men det kan kome kostnader med øyvingar, kurs, beredskapsplan med meir. Truleg vil beredskapskostnadane til Solund kommune auke med vesentleg meir enn 100.000,- dei komande åra, men dei kostnadane kjem ofte i samband med andre utgifter. Beredskap vert et omsyn som må tas på like linje med til dømes miljø, der ein gjer bevisste val ved innkjøp og investeringar for å sikre framtidig beredskapsevne.

Investering

Under følgjer investeringane i budsjett og økonomiplanen. Endringane er merka i gult, og det er mange løyvingar som har vore flytta mellom åra og difor er merka med gult. I arbeidet med budsjett og økonomiplan har det vore særlege utfordringar med å planlegge kring kapasitet og likviditet, og det er difor ein del omkalfatringar i investeringsbudsjettet.

Overførte løyvingar

Etter årsavslutning vil enkelte løyvingar bli overført frå 2025 til 2026. Desse kan ein ikkje lese ut av tabellane under, og vil ikkje være endeleg avklara før årsrekneskapen er gjennomført. Men det vil truleg gjelde:

- 200.000,- til områdeplan Hardbakke
- 200.000,- til Gangveg Hardbakke / Sildevika – Steinsund
- 459.000,- til Adresseprosjekt
- 396.000,- til Veglys – utskifting til LED
- 100.000,- til frontmontert kost traktor
- 1.000.000,- på sjølvkostområda for vann og avlaup
- 250.000,- til utvikling næringsareal

Oversikten og tala er ikkje fullstendig, og vil som sagt ikkje bli fullstendig før årsrekneskapen er fullført. Kommunedirektøren kjem tilbake med eige sak om overføringa av løyvingar i 2026.

Budsjett og økonomiplan

	Investeringsprosjekt pr. sektor	ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29	
	Sektor STAB					
	Sektor OPPVEKST OG KULTUR					
	Sektor HELSE- OG OMSORG					
	Velferdsteknologi					Flytta til drift då hovudkostnadane kjem der, noko IT-infrastruktur
	Sektor SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING					
2409	Idrett- og friluftspan inkl. utstyr	100 000	200 000	200 000	200 000	
2406	Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	325 000				
2410	Utvikling Ekspresstøstopp Hardbakke	1 500 000				Alt vert lagt til 2026
	Forprosjekt nytt Servicebygg Hardbakke hamn					
2902	Draumeplassen del 2	380 000				
2902	Draumeplassen (fond)	45 000				Utbetringar draumeparken
2090	Utvikling prestegardsmarka (fond)	61 000				
2215	Områdeplan/Reguleringsplan Hardbakke		800 000			Sjå i samanheng med prosjekt 2410, avventar plassering av ekspresstøstopp
2214	Reguleringsplan bustadområde					til 2214
2126	Forprosjekt Kråkesundet			300 000		Skjøve på av omsyn til kapasitet
2780	Bru Ytre Steinsund (fond)	15 000				

Investeringsprosjekt pr. sektor		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29	
Sektor PLAN OG TEKNISKE TENESTER						
<i>Prosjekt mot Stab m.m.</i>						
Nytt toalett 3.høgda				200 000		
Kommunehus - Kontor 3.høgda				150 000		
Kommunehus - Altan aust				50 000		
Ventilasjonsanlegg 3. og 4. høgda kommunehus			850 000			
Utskifting tak gml. Bankbygg					500 000	
Utskifting vindauge gml. Bankbygg					400 000	
Oppgradering underetasje (ventilasjon+vindauge+varmepumpe)			850 000			
Inventar og utstyr kommunehuset		100 000				
<i>Prosjekt mot Oppvekst og kultur m.m.</i>						
Utbedringer barneskulen, jf. rapport		1 500 000				
Tilskot frå Enova til utbedringer barneskulen		300 000				
Utbedringer barnehagen, jf. rapport		300 000	520 000			Prioritet 1 i 26, prioritet 2 i 27 grunna kapasitet, ingenting til prioritet 3
Etterisolering/drenering barnehagen		300 000				
Inventar og utstyr barnehagen		100 000	100 000			Mykje inventar og utstyr frå når barnehagen var ny i 1992, gjer utskiftingar i samband med utbedringane
Badstu/ventilasjonsanlegg idrettsbygget						Går til utbedringer idrettsbygget
Utbedringer idrettsbygget		200 000				Skifte av floor og nye dører
<i>Prosjekt mot Helse og Omsorg m.m.</i>						
2001	Utbedringer Solundheimen	2 800 000				2.000.000,- i overført løysing frå 2026, 500.000,- til garderobe og 300.000,- til utbedring av tråddausdekning
2801	Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetsarena.	1 130 000				Kjem det eige sak?
		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29	
<i>Andre prosjekt</i>						
2422	Utbedring kommunale bustader		2 000 000			Lagt til 2027 av omsyn til kapasitet
Tilskot frå Husbanken			2 000 000			
2423	Oppgradering kommunale vegar	1 077 000	350 000	350 000	350 000	
Utbedring av veg Solneset før overtaking		300 000				
2424	Utbedring veg Klubben bustadfelt	1 370 000				
Regulering Klubben		100 000				
2425	Utvikling tomtefelt	0				
2425	Trafiktryggingstiltak	250 000	250 000	250 000	250 000	Kjem truleg ca. 150.000,- i overført løysing frå 2025
2425	Trafiktryggingstiltak - tilskot					når ikkje opp hos VLFK
2427	Oppgradering kaiar	0	0	0	0	Flytta til drift
Utbedring forsyningar flytebrygge Hardbakke		300 000				
Molo Sildevika - ferdigstilling						Flytta til naustetomar Klubben
Klargjere naustetomar Klubben			500 000			
Uteområde Treningsenter			300 000			
2097	Skilting kommunale bygg	50 000	100 000			
Ormetunga (hyller, pallestablar og ny garasjeport)			200 000			
Mindre tiltak i hanna i samband med Bygdevekt		300 000				
<i>Sjølvkostprosjekt</i>						
2701	Sjølvkost vatn					Kjem 1.000.000,- i unyttå løysing frå 2025
2702	Sjølvkost avlaup					
KOMMUNEDIREKTØR						
Kjøp av areal Søre Morteivika		2 600 000				Jf. K-sak 004/25
Utbedring Søre Morteivika				5 000 000		Skjeve på av omsyn til kapasitet. Også nyttig å fylt få kartlagt interessentar og behov
Tilskot utbedring Søre Morteivika				5 000 000		
Reguleringsplan Søre Morteivika		250 000				
<i>Vidareutlån og eigenkapital KLP</i>						
7000	EK KLP	330 000	330 000	330 000	330 000	
7030	Formidlings og startlån	267 000	267 000	267 000	267 000	
7040	Lån til næringsutvikling	322 000	350 000	375 000	375 000	

(Tabellen synar investeringar i budsjett og økonomiplanen)

Prosjekt som ikkje er nemnt i tabellane

Ein vedvarande utfordring i økonomiplanprosessane til Solund kommune har vore å få planlagt økonomien rundt prosjekt som er uklare både i pris og tidspunkt for gjennomføring. Under følgjer ein tabell der kommunedirektøren summerer opp dei mest aktuelle av desse, og tankar kring finansieringa av dei:

Flytting av ekspressbåtstopp	Det er lagt inn planleggingskostnadar på 1.500.000,- i 2026, men skal flyttinga realiserast vil ein få vesentleg høgare kostnadar knytt til infrastruktur. Dette kjem truleg ikkje før tidlegast i slutten av økonomiplanperioden, og ein vil då både ha store midlar å disposisjonsfond som kan nyttast og ein kan rekne med inntekter frå fylkeskommunen for daglege anløp.
Nytt kommunehus	Eit eventuelt prosjekt på Næringsbygget vil måtte finansierast av Næringsbygget AS. Solund kommune sine kostnadar vil være leigeutgifter. Vert nytt kommunehus realisert kan ein ta ut løyvingane til oppgradering av eksisterande kommunehus, og leigeinntektene vil være finansiert for økonomiplanperioden og vel så det.
Veg til Kråkesundet	Ein eventuell kostnad vil kome seint i økonomiplanperioden, men må då truleg settast opp mot andre prosjekt som flytting av ekspressbåtstopp.
Nytt bustadfelt på Hardbakke	Det vil truleg fyst bli aktuelt å realisere nye bustader. Det er framleis ledige tomter i Klubben og Storehaugen, og det ligg også inne fleire løyvingar til reguleringsarbeid som kan omfatte bustadområde.
Nye kommunale bustader	Bustadstiftinga har midlar som kan nyttast, heilt uavhengig av kva som vert framtidig organisering av den.
Renseanlegg/høgdebasseng Hardbakke	Går truleg ut, kjem tilbake til behova i hovudplan VA.
Utbetringar Losna Ferjekai	Er i utgangspunktet ein fylkeskommunal kostnad. Bør ha meir enn nok til å handtere eventuell medfinansiering frå fond, men fylkeskommunen har framleis ikkje kome med noko formell førespurnad.

Kontrollutvalet

SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
22/25	Solund kontrollutval	16.09.2025

Arkiv	Sakshandsamar
FE-151	Audhild Ragni Vie Alme

Budsjett for Solund kontrollutal 2026

16.09.2025 Solund kontrollutval

Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Tekst	Framlegg		Faste 2026-prisar		
		Budsjett 2025	Budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre (uten pensjon)	13 000	10 000	10 000	10 000	10 000
10802	Variabel godtgjersle folkevalde (uten pensjon)	32 000	55 000	55 000	55 000	55 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 000	7 000	7 000	7 000	7 000
11007	Faglitteratur	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
11150	Matvarer	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
11500	Opplæring / kurs	30 000	30 000	30 000	40 000	30 000
11600	Reiseutgifter	20 000	20 000	20 000	30 000	20 000
11959	Kontingentar (FKT)	4 000	4 200	4 200	4 200	4 200
	Sum	114 000	136 200	136 200	156 200	136 200

Solund kommune er medeigar i SEKOM sekretariat KO og Vestland Revisjon KO, der det etter samarbeidsavtalene er representantskapa som vedtek budsjettet for sekretariats- og revisjonstenestene og sender dette til eigarane.

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå SEKOM sekretariat:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051:

Konto	Tekst	Budsjett 2025	Framlegg	Faste 2026-prisar		
			Budsjett 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre (uten pensjon)	13 000	10 000	10 000	10 000	10 000
10802	Variabel godtgjersle folkevalde (uten pensjon)	32 000	55 000	55 000	55 000	55 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	5 000	7 000	7 000	7 000	7 000
11007	Faglitteratur	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
11150	Matvarer	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
11500	Opplæring / kurs	30 000	30 000	30 000	40 000	30 000
11600	Reiseutgifter	20 000	20 000	20 000	30 000	20 000
11959	Kontingentar (FKT)	4 000	4 200	4 200	4 200	4 200
	Sum	114 000	136 200	136 200	156 200	136 200

Solund kommune er medeigar i SEKOM sekretariat KO og Vestland Revisjon KO, der det etter samarbeidsavtalene er representantskapa som vedtek budsjettet for sekretariats- og revisjonstenestene og sender dette til eigarane.

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet kjem med framlegg til budsjett for drift av kontrollutvalet, og i tråd med ny rettleiar frå Forum for kontroll og Tilsyn (FKT) og NKRF, er no resten av økonomiplanperioden med.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2:

Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.

Budsjettframlegget for 2026 bygger i hovudsak på det kontrollutvalet tilrådde for inneverande har. Vi har auka opp godtgjersla på konto 10802, då vi ser at det som er rekneskapsført i 2024 er mykje høgare enn budsjettet. Vi har ikkje funne at møtegodtgjersla er endra, så vi reknar med at auken gjeld tapt arbeidsforteneste.

Når vi kjem til 2028 er det ny oppstart, og dermed litt ekstra kostnader til opplæring og planprosess.

Føresetnadar i framlegget

- Leiar for kontrollutvalet får kr 1.280 og leiartillegg på kr 640 for kvart møte, budsjettet med kr 10.000 inkl. 3% prisstigning
- Medlemane i kontrollutvalet får kr 640 pr møte, og med 5 møte blir det samla omlag kr 26.000, budsjettet med kr 55.000 inkl. tapt arbeidsforteneste og 3 % prisstigning.
- Tapt arbeidsforteneste vert dekkja med kr 1.160 ulegitimert per dag og legitimert inntil kr 4.000 pr dag.
- Kurs i 2026: FKT - fagkonferanse
- Posten for kontingentar gjeld medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn (FKT), der satsen for kommunar med 0 - 5.000 innbyggjarar er kr 4.200 pr år.

Sekretariat og revisjon

Kommunen er medeigar i interkommunale oppgåvefelleskap om revisjons- og sekretariattenester. Etter samarbeidsavtalene i selskapa, er det representantskapet som vedtek budsjettet, og selskapa sender dette til kommunen før 1. november. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet sjølv som vert handsama av kontrollutvalet. For å unngå mistydingar, har vi i år teke dette med i tilrådinga.

Status for rekneskap 2025

Vi har fått følgjande rekneskapsoversikt frå kommuneadministrasjonen pr. 11.6.2025:

Konto		Forbruk 11.6.25	Budsjett 2025	Rekneskap 2024
10801	Godtgjersle leiarar råd/utval/styre (uten pensjon)	0	13 000	3 840
10802	Variabel godtgjersle folkevalde (uten pensjon)	0	32 000	57 662
10990	Arbeidsgjevaravgift	0	5 000	6 519
11007	Faglitteratur	3 450	4 000	3 150
11150	Matvarer	2 305	6 000	7 845
11500	Opplæring, kurs/seminar	0	30 000	38 285
11600	Utgift./godtgjersle reiser, diett, bil mm oppg.pl.	0	20 000	0
11959	Kontingentar	4 000	4 000	4 000
		9 755	114 000	121 301

Møtegodtgjersla for 1. halvår ikkje ført her, det same gjeld kurs og reiseutgifter til FKT konferansen i juni.



Solund kommune
Sentraladministrasjonen - Stab

Solund kommunestyre

ArkivsakID:	JournalID:	Arkivkode:	Dykkar.ref	Dato:
25/430	25/3772	K1-145		28.11.2025

Innspel til budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 frå Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Solund fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vil påpeike digitalt utanforskap som ein veksande problemstilling. Solund kommune må arbeide for å legge til rette for dei ikkje digitale brukaren og for å syte for at flest mogleg har tilstrekkeleg digital kompetanse.

Med helsing

Amund Fuglebakk Aglen
stabsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

		ØP-26	ØP-27	ØP-28	ØP-29
	Sektor Oppvekst og Kultur - 200 serien	31 350	31 100	31 100	31 100
200	Solund barnehage	8 019	7 769	7 769	7 769
	Demografitilpassing (med verknad frå barnehageåret 25/26)	-500	-250		
	Kompensasjon redusert foreldrebetaling	287			
	Løns- og prisvekst	278			
210	Solund skule	15 345	15 345	15 345	15 345
	Heilårseffekt personalendringar 25/26	-300			
	Løn særskild norskopplæring m.m.	-425			
	Redusert drift ved ny / reabilitert skule	-150			
	Ytterlege utgifter flyktningprogram	-400			
	Løns- og prisvekst	519			
220	Fellesadm.- og utgifter Oppvekst og kultur	4 336	4 336	4 336	4 336
	Ungdomskoordinator 40 % (tidlegare prosjektfinansiert)	300			
	Ytterlege utgifter flyktningprogram	-300			
	Løns- og prisvekst	147			
230	Kultur	365	365	365	365
	Løns- og prisvekst	12			
240	Bibliotek	826	826	826	826
	Kompensasjon løns- og prisvekst	28			
250	Solund kulturskule	1 413	1 413	1 413	1 413
	Kompensasjon løns- og prisvekst	48			
260	Ungdomsråd og ungdomssatsing	234	234	234	234
	Løns- og prisvekst	8			
280	Barnevern	812	812	812	812
	Løns- og prisvekst	27			

§ 5-4, 1. ledd	Rekneskap	Opphavsleg budsjett	Revidert budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
1 Rammetilskudd	55 011 788	56 575 000	57 247 000	58 396 000	58 068 000	57 741 000	57 414 000
2 Inntekts- og formueskatt	31 723 163	32 970 000	32 970 000	34 655 000	34 655 000	34 655 000	34 655 000
3 Eiendomsskatt	1 596 817	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000
4 Andre generelle driftsinntekter	49 540 017	15 801 000	15 801 000	49 416 000	11 705 000	47 939 000	11 040 000
5 Sum generelle driftsinntekter	137 871 786	107 146 000	107 818 000	144 267 000	106 228 000	142 135 000	104 909 000
6 Sum bevilgninger drift, netto	102 774 054	102 431 000	104 310 000	109 305 000	104 574 000	103 858 000	103 659 000
7 Avskrivninger	9 070 622	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000
8 Sum netto driftsutgifter	111 844 676	109 931 000	111 810 000	116 805 000	112 074 000	111 358 000	111 159 000
9 Brutto driftsresultat	26 027 110	-2 785 000	-3 992 000	27 462 000	-5 846 000	30 777 000	-6 250 000
10 Renteinntekter	2 117 316	1 000 000	1 000 000	1 100 000	2 100 000	1 100 000	2 200 000
11 Utbytter	4 115 772	3 750 000	4 335 000	3 760 000	3 760 000	4 450 000	4 450 000
12 Gevinster og tap på finansielle omlopsmidler	0	0	0	0	0	0	0
13 Renteutgifter	7 668 392	8 527 000	9 021 000	9 008 000	8 124 000	7 890 000	7 321 000
14 Avdrag på lån	7 118 282	15 248 000	7 444 000	11 246 000	8 073 000	22 188 000	8 283 000
15 Netto finansutgifter	-8 553 586	-19 025 000	-11 130 000	-15 394 000	-10 337 000	-24 528 000	-8 954 000
16 Motpost avskrivninger	9 070 622	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000
17 Netto driftsresultat	26 544 146	-14 310 000	-7 622 000	19 568 000	-8 683 000	13 749 000	-7 704 000
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
18 Overføring til investering	11 714 307	3 614 000	33 940 000	11 094 000	1 882 000	2 062 000	450 000
19 Avsetninger til bundne driftsfond	2 000 092	667 000	242 000	0	0	0	0
20 Bruk av bundne driftsfond	-2 083 693	-300 000	-2 141 000	0	0	0	0
21 Avsetninger til disposisjonsfond	27 433 888	5 200 000	5 200 000	8 474 000	0	11 687 000	0
22 Bruk av disposisjonsfond	-12 520 448	-23 491 000	-46 704 000	0	-10 656 000	0	-8 154 000
23 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0	0
24 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	26 544 146	-14 310 000	-9 463 000	19 568 000	-8 774 000	13 749 000	-7 704 000
25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0	0
§ 5-4, 2. ledd							
Sektor Stab	16 956 434	17 593 000	17 043 000	16 379 000	15 729 000	15 479 000	15 579 000
Sektor Oppvekst og kultur	29 527 685	31 223 000	31 669 000	31 350 000	31 100 000	31 100 000	31 100 000
Sektor Helse og omsorg	35 029 310	36 794 000	37 417 000	39 367 000	37 067 000	37 067 000	37 067 000
Sektor Samfunns- og næringsutvikling	5 733 163	5 721 000	5 410 000	7 469 000	6 358 000	5 693 000	5 693 000
Sektor Plan og tekniske tjenester	10 529 195	10 337 000	10 267 000	12 075 000	12 725 000	12 625 000	12 625 000
Overordna / Kommunedirektør	3 460 760	1 130 000	2 326 000	2 665 000	1 595 000	1 595 000	1 595 000

§ 5-5	Rekneskap	Opphøveleg budsjett	Revidert budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
1 Investeringer i varige driftsmidler	82 359 984	11 368 079	56 627 079	15 853 000	8 320 000	11 500 000	1 700 000
2 Tilskudd til andres investeringer	111 899	0	0	100 000	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	334 579	330 000	330 000	330 000	330 000	330 000	330 000
4 Utlån av egne midler	0	322 000	322 000	322 000	350 000	375 000	375 000
5 Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	82 806 462	12 020 079	57 279 079	16 605 000	9 000 000	12 205 000	2 405 000
7 Kompensasjon for merverdiavgift	15 625 669	0	0	0			
8 Tilskudd fra andre	84 124	4 350 000	4 795 000	300 000	2 000 000	5 000 000	0
9 Salg av varige driftsmidler	0	388 000	388 000	388 000	388 000	388 000	388 000
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	234 000	322 000	322 000	322 000	350 000	375 000	375 000
13 Bruk av lån	47 360 052	1 000 000	16 000 000	4 500 000	4 500 000	4 500 000	1 312 000
14 Sum investeringsinntekter	63 303 846	6 060 000	21 505 000	5 510 000	7 238 000	10 263 000	2 075 000
15 Videreutlån	0	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
16 Bruk av lån til videreutlån	0	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
17 Avdrag på lån til videreutlån	376 666	267 000	267 000	267 000	267 000	267 000	267 000
18 Mottatte avdrag på videreutlån	488 766	147 000	147 000	147 000	147 000	147 000	147 000
19 Netto utgifter videreutlån	-112 100	120 000	120 000	120 000	120 000	120 000	120 000
20 Overføring fra drift	-11 714 307	-3 613 827	-33 939 985	-11 094 000	-1 882 000	-2 062 000	-450 000
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
22 Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	513 749	0	0	0	0	0	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-8 189 950	-2 466 252	-1 954 093	-121 000	0	0	0
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0	0
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-19 390 516	-6 080 079	-35 894 078	-11 215 000	-1 882 000	-2 062 000	-450 000
27 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)	0	0	0	0	0	0	0

§ 5-5, 2. ledd	Budsjett	Økonomiplan		
	2026	2027	2028	2029
Idrett- og friluftspan inkl. utstyr	100 000	200 000	200 000	200 000
Gangveg Hardbakke/Sildevika - Steinsund	325 000			
Utvikling Ekspresståstopp Hardbakke	1 500 000			
Utbedringar draumeparken	486 000			
Bru Ytre Steinsund (fond)	15 000			
Områdeplan/Reguleringsplan Hardbakke		800 000		
Forprosjekt Kråkesundet			300 000	
Nytt toalett 3. høgda			200 000	
Kommunehus - Kontor 3. høgda			150 000	
Kommunehus - Altan aust			50 000	
Ventilasjonsanlegg 3. og 4. høgda kommunehus		650 000		
Utskifting tak gml. Bankbygg				500 000
Utskifting vindauge gml. Bankbygg				400 000
Oppgradering underetasje (ventilasjon+vindauger+varmepumpe)		350 000		
Utbedringar kommunehuset	100 000			
Utbedringar barneskulen	1 800 000			
Utbedringar barnehagen	900 000	620 000		
Utbedringar idrettsbygget	200 000			
Utbedringar Solundheimen	2 800 000			
Uteområde/drivhus/dagsenter/aktivitetsarena	1 130 000			
Utbedring kommunale bustader		4 000 000		
Oppgradering kommunale vegar	1 077 000	350 000	350 000	350 000
Utbedring av veg Solneset for overtaking	300 000			
Utbedring veg Klubben bustadfelt	1 470 000			
Trafikkryggingstillak	250 000	250 000	250 000	250 000
Utbedring fortøyningar flytebrygge Hardbakke	300 000			
Klargjere naustetomtar Klubben		500 000		
Uteområde Treningssenter		300 000		
Skilting kommunale bygg	50 000	100 000		
Ormetunga (hyller, pallestablar og ny garasjeport)		200 000		
Mindre tiltak i hanna i samband med Bygdevekt	300 000			
Kjøp av areal Sere Moretvika	2 600 000			
Utbedring Sere Moretvika		10 000 000		
Reguleringsplan Sere Moretvika	250 000			
EK KLP	330 000	330 000	330 000	330 000
Lån til næringsutvikling	322 000	350 000	375 000	375 000

§ 5-6	Rekneskap	Opphavsleg budsjett	Revidert budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Driftsinntekter							
1 Rammetilskudd	55 011 788	56 575 000	57 247 000	58 396 000	58 068 000	57 741 000	57 414 000
2 Inntekts- og formuesskatt	31 723 163	32 970 000	32 970 000	34 655 000	34 655 000	34 655 000	34 655 000
3 Eiendomsskatt	1 596 817	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000
4 Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0	0
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	49 540 017	15 801 000	15 801 000	49 416 000	11 705 000	47 939 000	11 040 000
6 Overføringer og tilskudd fra andre	35 907 793	14 179 000	14 164 000	13 555 700	13 587 700	13 587 700	13 587 700
7 Brukerbetaling	4 181 672	3 622 000	3 622 000	3 345 000	3 345 000	3 345 000	3 345 000
8 Salgs- og leieinntekter	11 102 007	8 666 000	8 666 000	8 096 500	8 096 500	8 096 500	8 096 500
9 Sum driftsinntekter	189 063 258	133 613 000	134 270 000	169 264 200	131 257 200	167 164 200	129 938 200
Driftsutgifter							
10 Lønnsutgifter	78 103 286	71 951 500	72 103 500	75 752 320	73 913 200	73 170 200	72 946 200
11 Sosiale utgifter	19 550 002	16 016 500	16 620 500	18 652 000	18 570 000	18 506 000	18 531 000
12 Kjøp av varer og tjenester	45 461 505	32 028 000	32 927 000	31 448 180	29 486 000	29 486 000	29 486 000
13 Overføringer og tilskudd til andre	10 850 733	8 902 000	9 111 000	8 449 700	7 725 000	7 725 000	7 725 000
14 Avskrivninger	9 070 622	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000
15 Sum driftsutgifter	163 036 148	136 398 000	138 262 000	141 802 200	137 194 200	136 387 200	136 188 200
16 Brutto driftsresultat	26 027 110	-2 785 000	-3 992 000	27 462 000	-5 937 000	30 777 000	-6 250 000
Finansinntekter							
17 Renteinntekter	2 117 316	1 000 000	1 000 000	1 100 000	2 100 000	1 100 000	2 200 000
18 Utbytter	4 115 772	3 750 000	4 335 000	3 760 000	3 760 000	4 450 000	4 450 000
19 Gevinster og tap på finansielle omlopsmidler	0	0	0	0	0	0	0
20 Renteutgifter	7 668 392	8 527 000	9 021 000	9 008 000	8 124 000	7 890 000	7 321 000
21 Avdrag på lån	7 118 282	15 248 000	7 444 000	11 246 000	8 073 000	22 188 000	8 283 000
22 Netto finansutgifter	-8 553 586	-19 025 000	-11 130 000	-15 394 000	-10 337 000	-24 528 000	-8 954 000
23 Motpost avskrivninger	9 070 622	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000	7 500 000
24 Netto driftsresultat	26 544 146	-14 310 000	-7 622 000	19 568 000	-8 774 000	13 749 000	-7 704 000
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:							
25 Overføring til investering	11 714 307	3 614 000	33 940 000	11 094 000	1 882 000	2 062 000	450 000
26 Avsetninger til bundne driftsfond	2 000 092	667 000	242 000	0	0	0	0
27 Bruk av bundne driftsfond	-2 083 693	-300 000	-300 000	0	0	0	0
28 Avsetninger til disposisjonsfond	27 433 888	5 200 000	5 200 000	8 474 000	0	11 687 000	0
29 Bruk av disposisjonsfond	-12 520 448	-23 491 000	-46 704 000	0	-10 656 000	0	-8 154 000
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	26 544 146	-14 310 000	-7 622 000	19 568 000	-8 774 000	13 749 000	-7 704 000
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0	0